



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Hordaland Fylkeskommune

- 7 JAN 2014

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Per Steinar Nedkvitne - 56520268

Vår referanse:
2013/108452-006

Dykkar referanse:

Vår dato:
27.12.2013

Statens vegvesen si handsaming av klage på avslag på søknad om ny avkjørsel og dispensasjon frå byggegrense til Fv 40 - gnr. 263 bnr. 17 - Matre - Kvinnherad kommune

Dokument i saka:

	Ref.nr:	Dato:	Tittel på dokument:	Frå:
6	2013/108452-6	27.12.2013	Statens vegvesen si handsaming av klage på avslag på søknad om ny avkjørsel og dispensasjon frå byggegrense til Fv 40 - gnr. 263 bnr. 17 - Matre - Kvinnherad kommune	Statens vegvesen
5	2013/108452-5	16122013	Svar på avslag på søknad om avkøyring til tilbygg garasje - gnr. 263 bnr. 17 - Fv. 40 på Baugstranda - Kvinnherad kommune	Erik - Johan Furdal
4	2013/108452-4	02122013	Vedkomande fv. 40 - søknad ny avkjørsel og dispensasjon frå byggegrense - gnr. 263 bnr. 17 - Matre - Kvinnherad kommune	Statens vegvesen
3	2013/108452-3	19092013	Fv. 40 søknad ny avkjørsel - gnr. 263 bnr. 17 - Matre - Kvinnherad kommune - Utsett klagefrist	Statens vegvesen
2	2013/108452-2	17092013	Vedk. ny avkjørsel og dispensasjon frå byggegrense - gnr. 263 bnr. 17 - Matre - Oppføring av garasje	Statens vegvesen
1	2013/108452-1	13092013	Søknad ny avkjørsel og dispensasjon frå byggegrense - gnr. 263 bnr. 17 - Matre - Oppføring av garasje	Kvinnherad kommune

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Saksinformasjon:

Kvinnherad kommune sende over søknad i samband med tilbygg til eksisterande garasje på gnr. 263 bnr. 17 i Kvinnherad kommune. Søknaden galt ny avkøyrsl til fylkesvegen (Fv. 40) og dispensasjon frå byggjegrense som er 15 meter etter rammeplanen for avkøyrslar og byggjegrensar.

Det føreligg ikkje reguleringsplan for eigeiendomen, men er vist som LNFR – areal med framtidig spreidd bustadbygging i arealdelen i kommuneplanen for Kvinnherad kommune.

Eigeiendomen har i dag ei tilfredsstillande avkøyrsl frå kommunal veg, som vidare har kryss til fylkesvegen.

Statens vegvesen har ikkje merknader til søknaden om dispensasjon frå byggjegrensa på 8,6 meter til midte fylkesveg, men kan ikkje gå inn for ny avkøyrsl til fylkesvegen for tilkomst til tilbygget til garasjen.

Klage frå tiltakshavar:

- Tilkomsveg på nordsida av bustadhuset frå eksisterande avkøyrsl er ei løysing som ikkje let seg gjennomføra.
- Tilkomsveg til tilbygget frå tunet, som i dag, vil krevja mykje fjellsprenging og vert eit vanskeleg og dyrt prosjekt. Meiner at mykje massar må transporterast bort. Det vert ei høg skjæring inne på tunet for å koma til tilbygget.
- For ei anna løysing må tiltakshavar skaffa nye teikningar og søkja om byggjeløyve på nytt som vil fordyra prosjektet.
- Det er ikkje oppmålte grensar til fylkesvegen og vurderer det slik at han eig inntil asfaltkanten og kan såleis ha god plass til å laga snuplass som vist på situasjonskartet.

Merknad frå andre partar:

Ingen.

Vurdering av klage:


- Statens vegvesen ser at ein tilkomsveg på nordsida av huset vil ta ein del av hagen, men er gjennomførbart.
- Tiltakshavar må ha undervurdert det som må sprengast vekk for å oppnå siktkrava til avkøyrsl til fylkesvegen. Bortsprengte massar kan nyttast på eigeiendomen til å unngå at det samlar seg ein dam på plenen når det regnar kraftig.
- Den omsøkte avkøyrsla vil ikkje få tilfredsstillande snumogelegheiter, slik tiltakshavar har vist. Snuplassen vil liggja delvis inne på det arealet som Statens vegvesen treng til drift og vedlikehald av veggen. Og det vil i praksis tyda på at snumogelegheitene vil vera på fylkesvegen. Det er heller ikkje nok areal framfor tilbygget til garasjen slik at ein bil (5 m) vil vera utanfor det arealet som trengs til drift og vedlikehald (3m) (her tenkjer ein helst på snøbrøyting). Tilsvarande vil det vera eit tryggleiksproblem, då ein gjenstand her vil liggja innanfor sikringssona.

Ved ei framtidig utviding av vegen, vil dette sannsynleg vera på nordsida av fylkesvegen.


- Tal på avkøyrslar langs ein vegstrekning er avgjerande for ulukkesrisikoen. Sanering av avkøyrslar er eit viktig kriterium i Statens vegvesen sitt arbeid for trafikktryggleik.

Viser elles til vedtak om avslag på søknaden om avkøyrsla, datert 17.09.2013, og kan ikkje sjå at det er kome til nye moment som ville føra til endring av vedtaket.


Statens vegvesen, Vegavdeling Hordaland
Med helsing


Olav Finne
Avdelingsdirektør

Plan og forvaltning Voss og
Hardanger


Carl Erik Nielsen
Seksjonssjef

Erik Johan Furdal
Søllesvikvegen 1
5498 MATRE



Vedlegg 1

16.12.13

Statens Vegvesen
Plan og Forvaltning Voss og Hardanger
v/Per Steinar Nedkvitne

**Avslag på søknad om avkøyring til tilbygg garasje, g.nr. 263, b.nr. 17.
Fv 40 hp 3 km 4.417 på Baugstranda.**

Viser til brev frå dykk datert 02.12.13., som eg mottok 05.12.13., med avslag på søknad om avkøyring til tilbygg garasje.

Då eg no treng meir "uthusplass", syntes eg det var ei god løysing å utvida garasjen, men såg straks at å ha innkøyringa frå tunet ikkje var mogeleg. Derfor ein søknad om ny avkøyring. Eg har planlagt og fått laga teikningar til ein garasje som vil bli funksjonell for mitt behov. Slik eg oppfatta sakshandsamar i Kvinnherad kommune i ein telefonsamtale, skulle eg få byggjeløyve. Det som stoppar prosjektet er avslag på ny avkøyring. Pengar til teikningar og søknad er dermed tapt.

Ser at de føreslår nye løysingar for å unngå ny avkøyring, skal kommentera dei litt:

1. Tilkomstveg frå eksisterande avkøyring på nordsida av huset. Håpar at du er einig med meg, etter synfaringa, at det er ei løysing som ikkje let seg gjennomføra.
2. Sprengja ny tilkomst til port inne på tunet, vil bli eit vanskeleg og dyrt prosjekt. Det vil verta vanskeleg sprenging med tanke på nærleiken til eksisterande garasje og bustadhus.
Det vil bli ei 4 m høg skjæring, der det i dag er tilplanta skrånande fjell ned mot tunet. Det blir mykje massar som må transporterast vekk. Argumentet med at det er like mykje sprenging i frisktsona, lyt du nok vurdere på nytt. I frisktsona treng eg ikkje sprengja lengre ned enn 0,5 m over veg. På tunet må eg ha minimum 0,5 m underboring, det er ein skilnad på 1 m. Då arealet som må frigjerast på tunet er monaleg større enn i frisktsona, seier det seg sjølv at det blir stor skilnad på massemengda. Dette er massar eg må transporterast vekk. Massane frå frisktsona hadde eg planlagt å bruka i ny avkøyring. Der får eg bruk for så mykje massar at frisktsona blir større og betre enn krava.

3. Forslaget du kom med i siste brevet, om å laga tilbygget på skrå, vil innebera like mykje sprenging. Det blir då mykje meir sprenging i bakkant, og den høgaste knausen på tunet må også i dette tilfellet vekk. Dessutan øydelegg denne konstruksjonen dei planane eg har for bygget. I fylgje byggmeister blir det meir krevjande og dyrare å byggja slik. Eg må også skaffa nye teikningar og søkje om byggjeløyve på nytt. Dette fordyrar også prosjektet. Alle tre forslaga vil auka kostnaden på prosjektet.

Eit av argumenta for avslaget er antall avkjørsler. På den strekninga som er synleg frå min eigedom er det to avkjørsler, kommunal veg til Søllesvik og ei privat avkjørsel. Det blir då tre med den eg har søkt om. Terrenget tilseier at fleire blir det ikkje.

Konstruksjon med helning frå vegen dei første 2 m i avkjørsle og handtering av vatn i forbindelse med avkjørsle er ikkje noko problem. Det har eg, som eg forklara på synfaringa, ein plan for. Slik det er no, samlar vatnet frå FV 40 seg i ein dam på plenen min når det regnar kraftig.

Frisiktsona blir etter krava.

Parkering på eigen grunn: Då denne vegen vart bygd, gav grunneigarane fri grunn til 3,5 m veg. Det er ikkje oppmålt grenser, eller betalt noko som helst for grunnen. Dermed vurderer eg det slik at eg eig til asfaltkanten, og har dermed god plass til å laga snuplass, slik eg har teikna på situasjonskartet.

Eg har arbeidd på vegen i snart 40 år og ser mange avkjørsler, nye og gamle. Det er mange som ikkje stettar krava, særleg med 2 m fall frå vegen, handtering av vatn og friskt.


Eg er svært skuffa over avslaget på søknaden min, skuffa over argumenta de brukar når eg ser at same argument i andre høve ikkje betyr så mykje.

I 1998 laga Statens Vegvesen nokre forbikøyringar og føretok nokre små utbetringar i dette området. For nokre veker sidan var det folk frå Vegvesenet her og målte opp desse utvidelsane, med tanke på å slutføra oppgjeret for grunnavståelse. Ein del av dette var på min eigedom. Eg syntes at tiltaket den gongen var så positivt at eg gav fri grunn. Det kan no vera eit godt høve for Statens Vegvesen å takka for denne grunnavståinga, ved å gje meg det omsøkte løyvet på ny avkjørsel.

Med dette vil eg nytta meg av klageretten, og be dykk vurdere saka på nytt. Dei alternative løysingane blir så dyre at det er uaktuelt. Så dersom de framleis meiner at denne avkjørsle ikkje stettar krava, lyt eg avslutta prosjektet.

Håpar på positivt svar.

Med venleg helsing



Erik Johan Furdal



Statens vegvesen

Erik- Johan Furdal
Søllesvikveien 1
5498 MATRE

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Per Steinar Nedkvitne - 56520268

Vår referanse:
2013/108452-004

Dykkar referanse:

Vår dato:
02.12.2013

Vedk. Fv. 40 søknad ny avkjørsel og dispensasjon frå byggegrense - gnr. 263 bnr. 17 - Matre - Kvinnherad kommune

Viser til avslag på søknad om ny avkøyrsla til tilbygg på garasje frå Statens vegvesen, datert 17.09.2013.

Tiltakshavar fekk utsett klagefrist på vedtaket, til etter at det var halde synfaring.

Sakshandsamar var på synfaring med tiltakshavar 30.10.2013. Det vart lova å vurdere avslaget på avkøyrsla på nytt.

Etter å ha vurdert avkøyrsla med kollegaer i Statens vegvesen, finn vi ikkje grunn til å endre på tidlegare avslag på søknad om ny avkøyrsla.

Vedtaket kan påklagast.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger
Med helsing

Carl Erik Nielsen
seksjonssjef

Per Steinar Nedkvitne

Kopi: Kvinnherad kommune, Rosendalsvegen 10, 5470 ROSENDAL

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52



Statens vegvesen

Erik- Johan Furdal
Søllesvikveien 1
5498 MATRE

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Per Steinar Nedkvitne - 56520268

Vår referanse:
2013/108452-003

Dykkar referanse:

Vår dato:
19.09.2013

Fv. 40 søknad ny avkjørsel - gnr. 263 bnr. 17 - Matre - Kvinnherad kommune - Utsett klagefrist

Viser til avslag på søknad om ny avkøyrsløse til tilbygg på garasje frå Statens vegvesen, datert 17.09.2013.

Viser til telefonsamtale 19.09.2013, der det er bede om synfaring.

Tiltakshavar får utsett klagefrist på vedtaket, til etter det er halde synfaring.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger
Med helsing

Carl Erik Nielsen
seksjonssjef

Per Steinar Nedkvitne

Kopi: Kvinnherad kommune, Rosendalsvegen 10, 5470 ROSENDAL

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Vedlegg 2



Statens vegvesen

Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Per Steinar Nedkvitne - 56520268

Vår referanse:
2013/108452-002

Dykkar referanse:

Vår dato:
17.09.2013

Vedk. ny avkjørsel og dispensasjon frå byggegrense - gnr. 263 bnr. 17 - Matre - Oppføring av garasje

Ny avkjørsel til tilbygg på garasje

Fv: 40 hp: 3 km: 4,417
Vi viser til søknad motteke 13.09.2013

Søknaden gjeld ny avkjørsle for tilkomst til garasjetilbygg, gnr. 263 bnr. 17 i Kvinnherad kommune

Tekniske opplysningar:

Fv. 40 er her ein 1-feltsveg med vegbreidde på mindre enn 3,5 meter og har generell fartsgrense (80 km/t). Det er ikkje g/s-veg på strekninga.

Rammeplanen:

Haldningsklasse 4 (Lite streng)

Teknisk krav:

Krav til friskt 4 meter inn i avkjørsle skal vere minimum 115 meter til begge sider. Sikta fram og bakover på vegen ved avkjørsle må vere minimum 115. Dette inneber at alle sikthindringar (vegetasjon, terreng m.m) over 0,5 meter i planet mellom avkjørsle og Fv. 40 må fjernast. Svingradius skal vere 4 meter (diameter 8 meter). Avkjørsle skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 metrane. Det må vere snu- og parkeringsplass på eigen grunn. Det er ikkje tillate å parkere i frisktsonene.

Kommunen sin arealplan.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

I kommuneplan for Matre, godkjent juni 2013 har eigedomen arealformål LNF m /spreidd bustadbygging.

Tiltakshavar sine merknadar til saka:

«

Tilbygg garasje. Då fjellknaus gjer det umogeleg å nytta eksisterande avkøyrsla. Avkøyrsla det er søkt om, kjem i stor grad berre til å verta nytta til tilbygget av garasjen.

«

Vegvesenet si vurdering av saka:

Tal på avkøyrslar langs ein vegstrekning er avgjerande for ulukkesrisikoen. Sanering av avkøyrslar er eit viktig kriterium i Statens vegvesen sitt arbeid for trafikktryggleik.

Eigedomen har ei tilfredsstillande avkøyrsla i dag, og som det også er mogeleg å nytta til tilbygget på garasjen. Dette ved å byggja ein tilkomstveg på nordsida av bustadhuset. Det er opplyst at ein fjellknaus gjer det umogeleg å få tilkomst frå den eksisterande avkøyrsla. Statens vegvesen meiner at det er mogeleg å fjerna denne fjellknausen for å få tilkomst. For å oppnå tekniske krav til den omsøkte avkøyrsla må det også fjernast ein del fjell for å oppnå tilfredsstillande siktkrav, slik at arbeidet med å fjerna fjell (sprenga fjell) vil stort sett verta det same i begge høve.

Den omsøkte avkøyrsla vil ikkje få tilfredsstillande snumogelegheiter slik tiltakshavar har vist. Snuplassen ligg delvis inne på Fylkeskommunal eigedom (vegareal). Det er heller ikkje nok areal framfor tilbygget til garasjen slik at ein bil (5 m) vil stå på eigen grunneigedom.

Vedtak:

Med heimel i veglova §§ 40 og 43 vedtek Regionsvegkontoret å **avslå** søknad om ny avkøyrsla.

Grunngjeving:

Statens vegvesen finn det mogeleg å nytta eksisterande avkøyrsla til eigedomen.

Klagerett.

Ja

Dispensasjon frå byggjegrænse for oppføring av tilbygg til garasje.

Vi viser til dykkar søknad motteke 13.09.2013 og gjev med dette dispensasjon frå byggjegrænse ved fv. 40 hp 3 km 4,417. Dispensasjonen gjeld for tilbygg til garasje med ein avstand på 8,6 meter frå vegmidte til næraste bygningsdel på gnr. 263 bnr. 17 i Kvinnherad kommune.

Vi gjer merksam på at dispensasjonen berre gjeld i høve veglova, og ikkje dei rettar de har ovanfor eventuelle andre grunneigarar. Dispensasjonen er gjeve i samsvar med føresegnene om byggjegrænser i veglova §§ 29 og 30 og på dei vilkår som er nemnt nedanfor.

1. Bygningen skal ha tilkomst frå eksisterande avkøyrsløp.
2. Bygningen må ikkje nyttast til anna føremål enn det som kjem fram av søknaden.
3. Dispensasjonen fell bort dersom omsøkte byggjearbeid ikkje er starta innan 3 år frå d.d.
4. Det er ikkje grunnlag for krav mot Statens vegvesen på grunn av skade eller ulempe som følgjer av at bygningen ligg innanfor byggjegrænse, med mindre det kan påvisast aktløyse frå vegvesenet si side. Vi vil påpeike at trafikkstøy kan vere til ulempe.
5. Dersom bygget vert oppført i strid med vilkåra i denne dispensasjonen, kan bygget krevjast fjerna med heimel i veglovas § 36 utan kostnader for Statens vegvesen.

Vedtaket kan påklagast.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger
Med helsing

Carl Erik Nielsen
seksjonssjef

Per Steinar Nedkvitne

Kopi: Erik-Johan Furdal, Søllesvikveien 1, 5498 MATRE

Vedlegg 1

Nedkvitne Per Steinar

Fra: eva.sundal@kvinnherad.kommune.no
Sendt: 13. september 2013 08:55
Til: Firmapost-Vest
Kopi: erik.johan.furdal@live.no
Emne: Oversending Statens vegvesen - 263/17 - tilbygg garasje - Matre - Eirk-Johan Furdal
Vedlegg: 306751.PDF; 306753.PDF; 306782.PDF; 306787.PDF

Oversender søknad om ny avkjørsle og dispensasjon frå byggjegrensa, datert 24.05.13.

Det er søkt om ny tilkomstveg og tilbygg til garasje på eigedom 263/17 - Matre - Kvinnherad.
Søklar: Erik Johan Furdal, Søllesvikvegen 1, 5498 MATRE, tlf 90879935

Eg oversender søknad om ny avkjørsle og dispensasjon frå byggjegrensa - Fv 40
Avstand frå næraste kant av tilbygg og til senter veg er 8m.

I kommuneplan for Matre, godkjent juni 2013 har eigedomen arealformål LNF m /spreidd bustadbygging.

Ber om Dykkar handsaming av søknaden.

med helsing
Eva Sundal
byggesaksbehandlar
tlf 90513618



STATENS VEGVESEN HORDALAND

SJÅ INFORMASJON PÅ BAKSIDA FØR UTFYLING AV SKJEMAET. BRUK BLOKKBOKSTAVAR.

SØKNADEN SKAL SENDAST TIL KOMMUNEN

SØKNAD OM AVKJØRSLE / DISPENSASJON FRÅ BYGGJEGRENSE LANGS OFFENTLEG VEG

SØKJAR/KJØPAR: ERIK JOHAN FURDAL TLF: 90879935
ADRESSE: SOLLESVIKVEIEN 1 POSTADR: 5498 MATRE
GRUNNEIGAR: ERIK JOHAN FURDAL TLF: 90879935
ADRESSE: SOLLESVIKVEIEN 1 POSTADR: 5498 MATRE
GNR: 263 BNR: 17 KOMMUNE: KVINNMERAD
(EUROPA- / RIKS- / FYLKESVEG): TV 40 STAD: SLÅKE

SØKNAD OM AVKJØRSLE

- NY AVKJØRSLE
 UTVIDA BRUK AV EKSISTERANDE AVKJØRSLE
 FLYTTING AV EKSISTERANDE AVKJØRSLE

BUSTAD Antall ... stk

HYTTE Antall stk

ANNA FØREMÅL

(Gi utfyllande opplysningar)

Tilbygg garasje. Då fjellknauts eger det
umølig å bruke eksisterande avkj.

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ BYGGJEGRENSA

KVA FUNKSJON FÅR BYGGET (Bustad, hytte, naust m.m.??): Garasje


NYBYGG TILBYGG (Legg ved målsett plan- og fasadeteikning)

AVSTAND FRÅ MIDTLINA AV VEGEN TIL NÆRASTE KANT AV OMSØKTE BYGGVERK: 8.6 METER

EVT. TILLEGGSPPLYSNINGAR:

Avgørsla det er søkt om kjen i stor grad kunne
bli nytta til tillegg av garasjen

Slåke den 24/05 2013
Erik Johans furdal



Ytterherad kommun	
11 DECEMBER 2013	
Saksnr	100
Saksbeh	




M=

LRIK. JOHAN TURDAL



Kvinherad kommun	
11/05/2013 15:54	
1 SEPT. 2013	
Saksnr.	
Saksbeh	Kopi


KEIK-JOHAN TURDAL




Kjelleradskommune	
11 SEPT. 2013	
Saksnr	U off
Saksbeh	Kopi

ERIK TOHTAN TURDAL

6





Grunnkart
 Kvinnherad kommune

Målestokk: 1:20 000
 Date 12.09.2013

600 m

Med forbehold om feil i kartgrunnlaget. Stiplet eiendomsgrense kan være behøvet med store feil.
 Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eiendommer, skal besilles skriftlig hos kommunen.

OVERSIKTSKART

Til Akra

263/17